

VALLE KOMMUNE

Rådmann

OED

P.b. 8148 DEP

0033 OSLO

Vår ref:
05/00088-2

Sakshandsamar:
Ingvar Nes
☎ 37 93 75 00
e-post: post@valle.kommune.no

Arkiv:
S05

Dato:
10.03.2005

Særutskrift: Heimfallsordninga

Høyringsuttale frå Valle kommune. Vedtak i kommunestyresak 15/05, 23.02.05:

- a) Saka om heimfall gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkomarar.
- b) Eit tungt og spreidd offentlig eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsregler må ha som målsetning fortsett å stimulere til slikt eigarskap
- c) Fleirtalets framlegg gjev insentiv til raskt sal av offentlige eigarandelar og ivaretek verken dei nasjonale interessene som føreligg eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ynskjer fortsett eigarskap
- d) Mindretalets framlegg gjev ein rimelig balanse mellom omsynet til offentlig eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Kommunen stør mindretalets framlegg og viser til dei grunngevingane som er gjevne i mindretalsmerknaden
- e) Den norske stat må syrgje for ei avklaring av EØS-avtalens tyding for framtidige konsesjons- og heimfallsregler
- f) Saka bør ikkje fremjast for endelig handsaming før grundige konsekvensutgreiingar føreligg.

Med helsing

Ingvar Nes
rådmann